



fjordvegen.no

Statsråd Jon-Ivar Nygård
Samferdselsdepartementet

Kinsarvik 5. november 2021

INVITASJON TIL SYNFARING OG MØTE - RIKSVEG 13

Styret i selskapet Fjordvegen Rute 13 ønsker å invitera den nye statsråden på synfaring og møta representantar for vårt styre/kommunane på utvalde punkt langs riksveg 13. Dette for å kunne visa dei viktigaste utfordringane vedkomande rassikring og standard og få ein god dialog. Dette kan skje på eit tidspunkt det passar han.

Me er særleg opptatt at statsråden og hans medarbeidarar får sjå utvalde særskilte prekære strekk gjennom m.a. Suldal og Ullensvang kommunar, og vil gjerne leggja opp ei nyttig og effektiv synfaring.

Riksveg 13 går frå Stavanger gjennom det indre vestland frå Stavanger gjennom fylka Rogaland og Vestland til Sogndal, og er ei hovudpulsåre for kommunane og mange småsamfunn langs vegen. Vegen er svært viktig for industri, eksportverksemdar og reiseliv og er koplå mot E134, E16 og andre større vegar aust-vest, i tillegg til å vera lokal- og regionalveg. Etter etablering av nye Vestland, er vegen blitt enno viktigare for samanbindinga av dette fylket.

Riksveg 13 har så mykje som 34 punkt med høg og middels rasfaktor, inklusive strekket Rødsliane 1 ved Lovræidet i Suldal der det sist veke raste store steinblokkar.

I 1. del av NTP 2022-33 ligg berre nærliggjande strekk Lovræidet - Rødsliane med høg rasfaktor og med godkjent reguleringsplan, då med eit avgrensa beløp for oppstart.

I tillegg har riksveg 13 på lange strekk særleg i Hardanger mange standardbrot, og er bortimot uframkomeleg sommarstid pga trafikkork. Dette går sterkt utover beredskap, lokal framkomst og tryggleik og næringsliv.

Riksveg 13 over Vikafjellet er høgst usikker frå snøen kjem til langt utpå våren trass i at vegen er definert som døgnopen heilårsveg. Vegen er krevjande og svært dyr å forsøka å halde vinteropen, og blir altfor ofte stengt grunna dårleg ver, snøras eller fare for ras. Omkøyring er mange timar lengre for heile Vik-samfunnet og næringslivet der.

I nyleg vedtekne Nasjonale Transportplan er ansvar og nokre midlar til rassikring tilknytt riksveg 13 på strekket Skare – Sogndal tildelt Nye Veier as, medan særleg del f.o.m. sør i Ullensvang kommune t.o.m. Stavanger framleis ligg under Statens vegvesen sitt ansvar. Søre del har kun fått ei avgrensa tildeling til rassikring i første del av NTP, medan nordre del enno ikkje er definert i portefølgjen til Nye Veier og dessutan manglar omtale av Vikafjellet.

Fjordvegen Rute 13 har etablert god kontakt med både Nye Veier og Statens vegvesen. Me samarbeider og ofte med Nasjonal Rassistingsgruppe og støttar deira målsettingar og arbeid.

Me kan og nemna våre planar for neste årskonferanse, 25. april 2022 i Stavanger der og statsråden vil få invitasjon til å halda innlegg.

Me ser fram til dykkar svar.

Med vennleg helsing

Gerd Helen Bø /s./

Hanne Sundbø /s./
seniorkonsulent

Meir informasjon om selskapet, styret, medlemmer etc finst på www.fjordvegen.no:

Eller kontakt oss:

Fjordvegen Rute 13

Styreleiar Gerd Helen Bø, gerd.helen.bo@suldal.kommune.no, tlf 414 73 037

Dagleg leiar Jostein Eitrheim, jostein@hardangerraadet.no , tlf 476 69 524

Seniorkonsulent Hanne Sundbø . hanne@hagalid.net, tlf 982 19 973

Sjå og informasjon på, www.facebook.com/fjordvegen www.instagram.com/fjordvegen